

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 30/2004

Møtedato: 14.6.04

Arkiv nr:

Massetak ved Rensenn

Valdres energiverk ynskjer å ta ut masse frå det gamle grustaket ved Rensenn for bruk i kabelgrøfter i samband med framføring av straum frå Nøsen til Buøddin.

Det skal i utgangspunktet ikkje takast ut meir masse frå grustaket ved Rensenn. Vestre Slidre kommune v/Ove Hamre meiner at det likevel som eit oppryddingstiltak kan takast ut noko masse frå ryggen som ligg framanfor den tilkjørte grøftemassen.

Statskog foreslår at energiverket kan få ta denne massen kostnadsfritt om dei gjer arbeid med tilpynting av grustaket. Om det er for lite masse ved Rensenn, må resten kunne takast frå Kinnhølt.

Fjellstyret såg på saka under befaring den 14.6.04.

VEDTAK:

Fjellstyret har ingen merknader til framlegget.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.6.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Valdres energiverk v/Andres Lundby, 2900 Fagernes
Vestre Slidre kommune v/Ove Hamre